


Møtestad: Volda rådhus	Møtedato: 08.05.2026
Frå kommunen: Line Humberset – Koordinator barn og unge sine interesser Børild Skåra - Landbruk Siv Heggen Eltervaag – Vatn og avløp Heidi Istad - Planleggar Jørgen Vestgarden– avdelingsleiar Utvikling (deltok på delar av møtet)	Frå forslagsstillar: Plankonsulent: Inger Langvik, A-vista AS Forslagsstillar: Hornindal Eigedomsutvikling AS v/Stig Olav Lødemel.

Kontaktinformasjon	
Forslagsstillar: Hornindal Eigedomsutvikling as v/ Stig Olav Lødemel E-post: stig.olav@loedemel.no Telefonnr: Tlf. 911 54 140. ☒ Kopimottakar	Konsulent: A-Vista As v/ Inger Langvik E-post: inger.langvik@a-vista.no Telefonnr: 48284874 Kontaktperson
Det er søkt om oppstart	Kommunen sin sakshandsamar: Heidi Istad E-post: heidi.istad@volda.kommune.no Telefonnr:



Saksopplysninger:	
Plannamn:	
PlanID:	
Føremål med planarbeidet: leggje til rette for eit nytt bustadområde med moderne og tilgjengelege leilegheiter i Hornindal sentrum.	
Plantype:	Detaljreguleringsplan - ny plan
Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggjesak?	NEI
Kommentar:	

Planstatus:	
Kommune(del)plan:	Arealdel for Hornindal kommune – sentrumsformål og bustadareal.
Reguleringsplan:	Reguleringsplan for Grodås sentrum – Jordbruk/skogbruk
Andre kommunale føringsdokument: Kommuneplanen sin samfunnsdel , Jordvernstrategi, differensiert forvaltningsplan for Hornindalsvassdraget.	
Andre pågåande planprosessar i området?	Områderegulering for Grodås sentrum. Er utsatt.

Konsekvensutgreiing (jf. forskrift om konsekvensutgreiingar)	
Kjem planarbeidet inn under forskrifta §6 og vedlegg 1?	Nei
Kjem planarbeidet inn under forskrifta §8 og vedlegg 2?	Nei
I tilfelle §8: vurdering av verknader for miljø og samfunn jf. forskrifta §10:	
Utløyser planarbeidet krav om konsekvensutgreiing?	NEI
Kommentar: Planforslaget er i tråd med overordna plan.	

Avgrensinga til planområdet	
Kommunen sin kommentar til planavgrensinga	Må utvide planområdet for å kunne stramme opp trafikksituasjonen sør for planområdet.
Er det aktuelt å oppheve gjeldande planar heilt eller delvis?	Del av reguleringsplan for Grodås sentrum.
Endeleg planavgrensing i SOSI-format samt forslag til annonsetekst skal sendast til kommunen for godkjenning før planarbeidet kan varslast.	

Utgreiingstema (ikkje uttømande liste)	
Planfaglege vurderingar	Det er positivt med organisering av bebyggelse i tun med gjennomgåande gangveg og parkering i ytterkant mot veg.

	Det er positivt at det er lagt opp til gode og romslege fellesareal ute. Planløyisinga synes å kunne gi gode bumiljø med mulegheit for sosial samhandling. Kommunen er positiv til at det vert sett på mogelegheit for fellesareal inne i bygg. Må ha ein plan for trafikkavvikling m.v. Sikre trygg situasjon for mjuke trafikantar – inn og ut av planområdet. Usikkert om kommunen kan tilrå oppstart av planarbeidet pga. jordvern.
Jordvern / landbruksfaglige vurderingar	Jordvernstrategien seier maks 5 daa omdisponering årleg etter pbl. Planinitiativet må supplerast med vurdering av behov for denne typen utbygging på dyrkamark. Det må gå fram av planinitiativet om det er behov for bustader og at det er vurdert andre alternative lokaliseringar som kan gi mindre omdisponering av dyrkamark. Det må takast inn føresegn i planforslaget med krav om matjordplan.
Naturmangfald	Må vere tema i planomtalen.
Kulturlandskap og kulturminne	Må vere tema i planomtalen.
Beredskapsmessige vurderingar/ROS-analyse	<i>Sjekkliste for risiko- og sårbarheit må gåast gjennom frå forslagsstillar.</i> <i>Faremoment som måtte gå fram av sjekkliste må vurderast nærare i ROS-analyse.</i> Kommunen gjer merksam på at flaumfare i bekken i nord og at det må takast inn byggegrense mot bekken.
Klima og miljø	I følgje samfunnsdelen skal det i reguleringsplan settast krav om blågrøn faktor på 0,6 for utbyggingsprosjekt for bustader. Dette må følgjast opp i planarbeidet. VØR krev til vanleg nedgrave fellesløyising for søppel. Ta kontakt med VØR for avklaring av aktuell løyising og plassering.
Born/unge, eldre, og dei funksjonshemma si interesse	Det må settast av areal til nærleikeplass. I Volda kommune sin rettleiar er det krav til 200 m² til nærleikeplass for inntil 20 bueiningar. Nærmiljøanlegg like nord for planområdet i tillegg til leikeplassen lengre nord i sentrum stettar krav til kvartalsleikeplass. Det må sikrast trygg ferdsel for mjuke trafikantar mellom utbyggingsområdet og E39.
Veg, trafikkavvikling, transport	Tilkomst til utbyggingsområdet frå Ospesletta i aust og Grødesvegen i vest kan aksepterast. Avkøyrsløp må ha breidde på 5,5 m. Det er ein uoversiktleg trafikksituasjon mellom planområdet og E39. Det må sikrast ei trygg løyising for mjuke trafikantar mellom utbyggingsområdet og E39, der det er fortau og gang-/sykkelveg fram til skulen. Det må sikrast trygg vidare ferdsel frå den gjennomgåande gangveg som går nord-sør i utbyggingsområdet. I nord vil det

	vere aktuelt med bru over bekken til eksisterande gangveg. I sør vil det vere aktuelt med gangfelt. Det må sikrast tilstrekkeleg plass til sykkelparkering. Ein parkeringsplass per leilegheit må ha tilgang til overdekt parkeringsplass. Ta kontakt med Edvin Løfoll for vidare avklaringar om veg og det trafikale.
Vatn, avløp, renovasjon, el-forsyning med meir	Kommunen gjer merksam på at det ligg ein tømmeasjon ligg i vest for utbyggingsområdet som det må takast omsyn til. Det er behov for kartlegging av eksisterande VA-nett. Kommunen vil gjennomføre dette. Ta kontakt med Siv Eltervaag for vidare avklaringar. Mest mogeleg av overvatn skal infiltrerast. Sjå arealstrategi om samfunnstryggleik og klimatilpassing i Samfunnsdelen. Det er krav om VAO-rammeplan med kartlegging av fare for overvatn – hydraulisk modell jf. NVE si rettleiing.
Behov for utbyggingsavtale	Dersom det er aktuelt med offentlege anlegg og for oppfylling av rekkjefølgjekrav.
Støy	Planområdet ligg utanfor støysoner langs veg.
Estetisk utforming og omsyn til omgjevnadane.	Utbygginga må tilpassast til dei andre nye bustadane i området.
Særskilde behov for medverknad	Ingen spesielle behov, ordinært høyring m.v.
Økonomiske konsekvensar for kommunen	Ingen kjende så langt.
Bidrag frå kommunen i planprosessen	Avklaringsmøter undervegs kan vere aktuelt.
Eigedomsgrenser	Dersom eigedomsgrensa er utgangspunktet for ytre plangrense, og denne ikkje er koordinatfesta, må det rekvirerast klarlegging av grensa for å få stadfesta denne, og ev andre grenser som er styrande for planen.
Anna	Vart ikkje drøfta i møtet: Mot offentlig veg må det settast av 2 m til annan veggrunn. Krav til parkering må følgje krav i reguleringsplanen for Grodås sentrum, planid 19970001.

Komplett planforslag

Materiell:	Merknad/kommentar:
Plankart i PDF-format, målestokk 1:1000	
Plankart i gjeldande SOSI-format, jf. til ei kvar tid gjeldande Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister	
Reguleringsføresegner i PDF og Word-format	

Planomtale med ev. KU i PDF og Word-format	
ROS-analyse	
Planprogram i PDF og Word	Ikkje krav.
Illustrasjonar og 3D - modellar som synleggjer konsekvensar av planframlegget	Terrengsnitt gjennom området med eksisterande og nytt terreng med plassering av bygg, 3D-illustrasjonar som viser verknad frå ulike ståstader.
Kopi av annonse planoppstart med påført dato	
Kopi av varslingsbrev	
Varslingsliste	
Dokumentasjon av samråds- og medverknadsprosess	
Merknader med konsulent sine kommentarar	
Kopi av utgreiingar, møtereferat, innspel etc.	

Prosess	
Særskilde behov for medverknad	NEI Kommentar:
Stipulert framdriftsplan	Varsel om oppstart: 4 v høyring
	Ferdig planframlegg:
	Offentleg ettersyn: 6 v høyring
	Godkjend plan:
Behov for seinare dialogmøte mellom forslagsstillar og kommune	Etter avtale Kommentar: Kommunen oppmoder om dialogmøte under arbeid med planforslag.
Fristar for planframlegget:	
Kunngjering av oppstart	Seinast 6 mnd etter oppstartmøte / politisk oppstartsak
Innlevering av planforslag til 1. gongs behandling	Innan 2 år etter oppstartmøte / politisk oppstartsak
Ved overskriding av desse fristane vert saka avslutta om ikkje plankonsulent har vore i dialog med planavdelinga og fått avtale om andre fristar.	

Plangebyr	
Handsaming av planforslag vert gebyrlagt i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ	Sats for oppstartmøte : kr 30 200 Gebyr for privat framlegg til detaljregulering/vesentleg endring vert fakturert ved 1. gongs handsaming

Kommunen sine råd og vurderingar	
Er det usemje om vesentlege punkt?	JA
Kommentar: Omsyn til jordvern. Brukar opp heile kvota på 5 daa årleg. Dette må takast opp politisk før oppstart.	

Vil kommunen vurdere å stoppe planinitiativet? (jf. pbl §12-8 2. ledd)	Utsett avgjerd/politisk handsaming
Kommentar: Spørsmålet vert tatt opp i sak til formannskapet om oppstart av planarbeid.	

Stadfesting og atterhald

Informasjonen frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde og andre vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.

Utgreiingar og endringar av planen etter offentlig ettersyn må normalt kostast av forslagsstillar.